

Lest siden sist

Jeg begynner å bli vant med at jeg ikke tilgodeses til ting jeg har lyst på.

Frp-gründer Carl I. Hagen snakker ut i Dagsavisen om at han ikke ble eldreminister.

Jeg har vokst opp i Trøndelag, jeg har drukket på fester. **Venstre-leder Trine Skei Grande forteller om sin bakgrunn i forbindelse med at hun snakker ut i Aftenposten om sexrykter.**

Tidligere fotomodell blir regjeringens frontfigur i miljøkampen **NRK presenterer klima- og miljøminister Ola Elvestuen for sine lesere på nett.**

Her går jeg - min dresskledde, kontorsittende, quinoa-spisende Ullevål Hageby-urbanist - ut av regjering. Og så mener Vedum at regjeringen blir MER urban!

Avgått klima- og miljøminister Vidar Helgesen tvitrer sin skuffelse etter uttalelser fra Senterparti-leder Trygve Slagsvold Vedum.

Dette er eit sterkt distriktspolitisk signal frå Venstre, og eg mislikar det veldig.

NRK forteller at tidligere lokalpolitiker Bjarte Heggheim melder seg ut av Venstre fordi partiet har fått gjennomslag for politikken sin om å forby pelsdyroppdrett.

Én har vært fotomodell, én er advokat, og én har drevet bensinstasjon. Onsdag fikk de plass ved Kongens bord. **Aftenposten forteller at hvem som helst nå kan havne i regjering.**

Kålsalget begynner å stabilisere seg etter en topp i julen, etterfulgt av en kraftig nedgang i begynnelsen av januar. **Landbruksdirektoratet melder om kraftige svingninger i kålrotmarkedet.**

KRAGERØ: Regn snø og vind har skapt vanskelige kjøreforhold mange steder. KVs kundesenter melder at flere av våre avisbud sliter med å ta seg fram i morgentimene tirsdag. Aviser kan derfor komme i postkassene noe senere enn normalt i dag.

KV-Kragerø Blad Vestmar

lestsidenist@dn.no

Ineffektive effektiviseringskutt

Doble eksamenssett på universiteta kostar 40 millionar i året. Offentleg sektor skal effektivisere, men utan kutt i lovpålagd byråkrati.

I ei pressemelding frå Finansdepartementet i oktober 2014 skildrast den såkalla avbyråkratiserings- og effektiviseringsreformen i offentlig sektor: «Reformen innebærer at deler av gevinstene fra mindre byråkrati og mer effektiv bruk av pengene tilbakeføres til fellesskapet gjennom de årlige budsjettene. Den årlige overføringen settes til 0,5 prosent av alle driftsutgifter som bevilges over statsbudsjettet.»

Kutta har blitt enda høgare enn dette, og i realiteten er dette årlege kutt i grunnbevilgningane.

Det er i offentlig sektor klare behov og rom for effektivisering. Det må kome som resultat av ein strukturell prosess, med gjennomgang av oppgaver og rutinar og spørje kva som er nødvendig, kva som bringar verdi, kva ein kan gjera på andre måtar eller kutte ut, og kva ein bør gjere meir av framover.

Men offentlig sektor er lovpålagd mange byråkratiske oppgaver som ikkje kan kuttast, uavhengig om dei bringar verdi eller ikkje. Ressurskutt utan kutt i eksisterande krav til byråkrati vil då kunne gå ut over kvaliteten på tenestene.

Før jul sat titusenvise av studentar i eksamenslokale rundt om i landet og skulle vise kva dei har lært i løpet av semesteret. Kravet om at norskspråkleg eksamen skal gjevast på både målformer er eitt døme på ressursløysende byråkratiske krav som universitetssektoren ikkje har høve til å effektivisere bort pga. stivbeint regelverk.

Ifølge lov om målbruk i offentlig teneste (mållova) skal norskspråklege eksamensoppgaver som hovudregel tilbyast på både målformer. Det finst unntak som opnar for berre ei målform dersom alle studentane er registrerte med den målforma.

Midt i ein pressa arbeidskvardag skal forelesarar og administrasjon bruke tid og krefter på tullball: å omsetje eksamensoppgaver.

Ringerundar til dei største utdanningsinstitusjonane



Før jul sat tusenvis av studentar i eksamenslokale rundt om i landet og skulle vise kva dei har lært i løpet av semesteret, skriver artikkelforfatteren. Foto: Aleksander Nordahl

Samfunn Annette Alstadsæter



avslører at ingen ser ut til å ha oversikt over kva det kostar å tilby eksamen på både målformer. Utdanningsdepartementet kunne heller ikkje presentere nokon oversikt på verken antal eksamenar gitt på både målformer eller kostnadene ved dette.

Basert på tal levert av Norsk Senter for Forskningsdata (NSD) kan vi gjere eit grovt estimat på kostnadene ved å tilby eksamenar på både målformer ved dei høgare utdanningsinstitusjonane.

I 2016 vart det arrangert 33.000 eksamenar i emne med norsk undervisningsspråk (ekskl. språkstadium), og vi antar at 90 prosent gjevast på både målformer. Anta så at alle emneansvarlege sjølv står for omsetjinga, og at kvar omsetjing tar to timar, samt at det å administrere/kopiere opp to sett av kvar eksamen genererer ein

halv time ekstraarbeid i administrasjonen per eksamenssett.

Ved å bruke gjennomsnittleg timeløn for fagleg og administrative tilsette ved min egen institusjon får vi då at årlege ekstrakostnader ved eksamensoppgaver på to målformer er 40 millionar kroner.

Kva får ein så for desse millionane?

Tja, det er ikkje godt å seie. Ein skal vere temmeleg idealistisk for å hevde at det at ein student får oppgavesettet på «søk-og-erstatt»-omsett nynorsk på sjølve eksamensdagen er det som reddar framtida til nynorsken, all den tid pensum er på bokmål eller engelsk, bokmål eller engelsk blir brukt i undervisninga og faguttrykka stort sett er på bokmål eller engelsk.

Det er krav om eksamen på både målformer, men ikkje om godt språk i omsetjingane. Som nynorskspråkleg student valde eg eksamenssett på bokmål. Det fordi eg ofte ikkje var heilt sikker på kva det vart spurt om i nynorsksettet og måtte då uansett dobbelsjekke mot bokmål for å vere sikker på at eg hadde forstått den omsette oppgava riktig.

Det ville vere meir hensiktsmessig og i tråd med intensjonen bak mållova at ein i staden krev at 25 prosent av alle eksamenar blir forma ut og gitt på nynorsk, slik kravet er for anna eksternt retta skriftleg kommunikasjon. Det vil fremje nynorsk som levande bruksspråk og samtidig kunne føre til ei effektivisering på 40 millionar kroner i året.

Dersom det er slik at studentar etter mange år med sidemål

på grunn- og vidaregåande skule ikkje kan forstå ei eksamensoppgave gitt på sidemålet sitt, har heile språkpolitikken spelt fallitt. Det er då sløsing av skuleelevenes tid og krefter å tvinge dei til å jobbe med noko som dei uansett ikkje blir forventa å skulle bruke, og då bør sidemålet også gjennomgå eit effektivitetskutt i skulen. Men det er ein annan diskusjon.

Annette Alstadsæter, professor i skatteøkonomi ved Handelshøyskolen, NMBU, leiar av Senter for skatte- og adferdsforskning

Mer debatt s. 26-28 →

Selvstendig næringsdrivendes reelle inntekter ligger 17 prosent over den rapporterte, om den skal rime med forbruket deres. Rike husholdninger er overrepresentert blant kundene.

Thor Olav Thoresen, forsker ved Statistisk sentralbyrå og Universitetet i Oslo

Gjestekommentar
- samfunn



Annette Alstadsæter



Gøril Bjerkan



Roger Bjørnstad



Øystein Dørum



Steinar Juel



Kari Elisabeth Kaski

Debattansvarlig: Vidar Ivarsen **Telefon:** 22 00 10 59 **Sentralbord:** 22 00 10 00 **Epost:** debatt@dn.no **Telefaks:** 22 00 11 10

Hovedinnlegg/kronikk: Maks 4500 tegn inklusive mellomrom **Underinnlegg/replikk:** Maks 1500 tegn (ca. 250 ord) **Legg ved portrettfoto.**

Alt stoff som leveres til Dagens Næringsliv, må produseres i henhold til Vær varsom-plakaten. Dagens Næringsliv betinger seg retten til å lagre og utgi alt stoff i avisen i elektronisk form, også gjennom samarbeidspartnere. Redaksjonen forbeholder seg retten til å forkorte innsendte manuskripter. Debattinnlegg honoreres ikke.